



SAKSFRAMLEGG

| | |
|-------------------------------------|--------------------------|
| Sakshandsamar: Jan Erik Boge | Arkivkode: FE-064 |
| Arkivsaksnr: 18/872 | Løpenr: 19/1266 |
| Sakstype: Politisk sak | |

SAKSGANG

| Styre, utval, komité m.m. | Møtedato | Saksnr |
|---------------------------|------------|----------|
| Kommunestyret | 21.02.2019 | 009/2019 |

Løyving av midlar til skifte av økonomi- og lønssystem i 2019

21.02.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 009/2019 Vedtak:

I økonomiplanen som vart vedteken av kommunestyret 13.12.2018 er det løyvd 1.380.000 kroner til skifte av økonomi- og lønssystem i 2020.

1.000.000 kroner av denne løyvinga vert no overført til 2019, slik at innføringsprosjekt for nytt økonomi- og lønssystem kan gjennomførast hausten 2019. Løyvinga vert finansiert ved bruk av ubunde investeringsfond.

Rådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om val av leverandør av økonomi- og lønssystem.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I økonomiplanen som vart vedteken av kommunestyret 13.12.2018 er det løyvd 1.380.000 kroner til skifte av økonomi- og lønssystem i 2020.

1.000.000 kroner av denne løyvinga vert no overført til 2019, slik at innføringsprosjekt for nytt økonomi- og lønssystem kan gjennomførast hausten 2019. Løyvinga vert finansiert ved bruk av ubunde investeringsfond.

Rådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om val av leverandør av økonomi- og lønssystem.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Vedteken økonomiplan 2019 - 2022

Kva saka gjeld:

I kommunen sin økonomiplan ligg det inne investeringsmidlar (1.380.000 kroner) til skifte av økonomi- og lønssystem i 2020. Rådmannen ønskjer no å framskunda prosjektet med skifte av økonomi- og lønssystem, og gjennomføra det meste av innføringsprosjektet hausten 2019. For å kunna gjera dette, vil det vera nødvendig å overføra delar av løyvinga - om lag 1.000.000 kroner -

frå 2020 til 2019.

Bakgrunnen for det planlagte skiftet av økonomi- og lønssystem er som følger:

1. Avtalen på kommunen sitt noverande system (Agresso) går ut seinast i februar 2021. I god tid før dette må kommunen ha på plass ein ny avtale.
2. Kommunane i IKT Nordhordland (IKTNH) brukar eit anna system (Visma økonomi og HRM) enn Samnanger. Dette systemet vert også drifta av IKTNH. Det vil vera lite føremålstenleg (både praktisk og økonomisk) for Samnanger å ha eit anna system enn dei andre IKTNH-kommunane.
3. Løns- og personalkontoret i Samnanger har diverse utfordringar knytt til Agresso, og det hastar å få på plass ei betre løysing på løns-/personalområdet enn den noverande.

Arbeidssituasjonen på løns- og personalkontoret har vore svært krevjande i lang tid, i stor grad på grunn av utfordringar knytt til det noverande lønssystemet. Desse utfordringane skuldast i nokon grad sjølv lønssystemet, men også at me manglar fleire modular/digitale løysingar i systemet. Det vil kosta både pengar og arbeidstid å kjøpa inn og ta i bruk slike modular/løysingar i det noverande lønssystemet. Det vil vera lite føremålstenleg å investera mykje i det noverande lønssystemet no, dersom kommunen uansett skal skifta økonomi- og lønssystem i løpet av eitt år. Rådmannen ønskjer heller å framskunda innføringa av nytt økonomi- og lønssystem.

Administrasjonen har dei siste vekene hatt dialog med både IKTNH og Visma, og fått avklart at det vil vera mogleg å gjennomføra innføringsprosjekt hausten 2019, med sikte på oppstart av Visma økonomi og HRM som nytt økonomi- og lønssystem for Samnanger frå årsskiftet 2019/2020. Samnanger vil då få tilgang til stort sett alle tilgjengelege modular/digitale løysingar i Visma økonomi- og lønssystem. Dette vil skje ved at Samnanger får høve til å slutta seg til IKTNH-kommunane sin eksisterande avtale med Visma, som eit såkalla «suppleringskjøp». Me vil då kunne få på plass diverse digitale løysingar på løns- og personalområdet som me ikkje har i dag.

Samla kostnad for skifte av økonomi- og lønssystem er i økonomiplanen stipulert til 1.380.000 kroner. Dette vil vera utgifter til kjøp av programvarelisensar, konsulentbistand og interne prosjektkostnader (primært ekstra lønsutgifter). Kostnaden ved gjennomføring av eit eventuelt innføringsprosjekt hausten 2019 ser ut til å bli om lag 1.000.000 kroner (konsulentbistand og interne prosjektkostnader). Desse investeringsmidlane må i så fall flyttast frå 2020 til 2019.

Vurderingar og konsekvensar:

Arbeidssituasjonen på løns- og personalkontoret

Rådmannen vurderer arbeidssituasjonen på løns- og personalkontoret som svært alvorleg, i stor grad som følge av utfordringar knytt til det noverande lønssystemet. For dei tilsette vil det vera svært avgjerande at det snarast mogleg kjem på plass ein tidsplan for rask innføring av eit meir føremålstenleg lønssystem.

Prosjektperiode

Det er eit relativt stort prosjekt å skifta økonomi- og lønssystem. Prosjektperioden før driftsstart av nytt system vil minimum vera 4 månader. Rådmannen ønskjer å gjennomføra innføringsprosjektet hausten 2019. Dei tilsette ved økonomikontoret og løns- og personalkontoret vil i denne perioden måtte involverast mykje i prosjektet, i tillegg til at det er nødvendig med mykje konsulentbistand frå leverandøren.

Finansiering/økonomi

Løyvinga i økonomiplanen til skifte av økonomi- og lønssystem i 2020 er finansiert av kommunalt investeringsfond. Pr. i dag står det totalt ca. 4.700.000 kroner på kommunen sine investeringsfond. Dette betyr at det vil vera finansielt rom for å flytta 1.000.000 kroner av løyvinga til skifte av

Økonomi- og lønssystem frå 2020 til 2019.

Innkjøpsmessige forhold

Administrasjonen har bedt firmaet Odin Prosjekt AS om å gjera ei vurdering av kva innkjøpsreglar som vil gjelda i denne saka, samt kva innkjøpsprosedyrar kommunen eventuelt må følgja.

Bakgrunnen for dette er at kommunen som offentleg etat er omfatta av reglane i lov- og regelverket for offentlege anskaffelsar, der hovudprinsippet er at innkjøp skal konkurransesettast. Vurderinga frå Odin Prosjekt AS er i skrivande stund ikkje ferdig, men vil bli ettersendt til kommunestyret så snart den ligg føre.